

Årsmelding 2015

Styre:

Ole Magnar Øvsteng, formann
Kristoffer Holø, nestformann
Mathias Øvsteng, sekretær
Nils Øygarden
Iva Hidemstrædet (repr. ungdomsutv.)
Ragnar Løkken (vara)
Ingar Aaboen (vara)

Kasserar:

Mathias Øvsteng

Rekneskap:

Ole Tronn Andersen

Klasseskyttarutvalg:

Berit Jeanne Brun, formann
Anders Bersu
Nils Øygarden
Magnar Hidemstrædet
Ingar Aaboen

Ungdomsutvalg:

Iva Hidemstrædet, formann
Atle Bakken
Pia Christine Teigplassen
Hans Ødegård
Sina Bråten Lunde (vara)
Ragnar Løkken har supplert gruppa

Banekomit :

Kristoffer Holø, banemester
Arne Hammer
Ragnar Løkken

Styringsgruppe for 200 m:

Klasseskyttarutvalget

Styringsgruppe for 100 m:

Ansvar for jeger trening og skyteprøver:

Ole Magnar Øvsteng, formann
Iva Hidemstrædet
Mathias Øvsteng
Kristoffer Holø

Ansvar for pokalskyting og lagmesterskap:

Klasseskyttarutvalget og ungdomsutvalget

Representantar til Våg  idrettsr d:

Arne Hammer
Atle Bakken
Ola H kenstad (vara)

Formann i miniatyrgruppa:

Ole Magnar Øvsteng

Utsendingar til ombudsm tet i samlaget:

Styret, med
Iva Hidemstr det (vara)
Berit Jeanne Brun (vara)

Sponsorarbeid:

Arne Stenstuen

Revisorar:

Torbj rn Bakken
Ola H kenstad

Valgkomit :

Ola H kenstad, formann (p  valg 2015)
Berit Jeanne Brun (p  valg 2016)
Anders Bersu (p  valg 2017)

Styrem te

Styret har hatt fem m te og behandla 43 saker.

Samr dingsm te

med leigetakarane VJF, Våg  Pistolklubb og Waageske Compagnie & Svartkrutlag 12. februar. Ole Magnar Øvsteng og Mathias Øvsteng m tte.

Medlemmer

Vågå skytterlag har 165 betalende medlemmer og 1 æresmedlem. Av disse er 37 under 18 år.
Medlemskontingent: Under 18 år: kr 100, over 18 år: kr 400.

Medlemskap

Vågå skytterlag er tilslutta Gudbrandsdal skyttersamlag og gjennom det medlem av Det frivillige Skyttervesen. Dessutan er miniatyrgruppa tilslutta Norges Skytterforbund.

Sponsor

Sponsorinntekta er eit viktig bidrag til finansieringa av drifta. I år er det gjort avtaler om kr 76 000 i brutto inntekter. Av dette manglar pr. i dag innbetaling av kr 2 000. Arne Stenstuen har også i år gjort ein svært god innsats i sponsorarbeidet – med ny rekord. Sponsorane har avtale om forskjellig eksponering, bl.a. på nettportal, plakatar og gevær. Etter avtale med Arne Stenstuen har skyttarlaget forskottert innkjøp av Sauer banegevær, som blir avrekna av godtgjersla han får for sponsorarbeidet. Med den same sponsorinntekta som i år vil dette vil gå over ca. to år (2015 og 2016).

Utleige

Vågå skytterlag leiger ut bane til Vågå Jeger- og Fiskarforening og bane og miniatyrbane til Vågå Pistolklubb.

Anlegg og utstyr

- Vedlikehald av dei elektroniske skivene på skytebana er krevjande og kostbart. Ikkje minst representerer bruken av ekspanderande kuler i jegertrainingane og skyteprøvene stor slitasje på skivene.
- Med godt initiativ og god hjelp frå Vågå kommune er det lagt ned eit stort arbeid for å heve standarden rundt miniatyranlegget i Skogbygda. Vi har m.a. fått toalett og kjøkken med nødvendige fasilitetar, og gangen er måla og har fått nedsenka tak med godt lys. Kommunen har kosta alt unntatt kjøkkenbenk med utstyr. Iva Hidemstrædet har fått tak i gratis komfyr og oppvaskmaskin, og kostnadene for skyttarlaget er minimale. Medlemmer og foreldre har stått for dugnadsarbeid med støvsuging, vasking og måling.
- Skytterlaget har fått tilskot og tilsegn om tilskot frå Frifond, Vågå fjellstyre, Nordherad bygdeallmenning. Nordherad grunneigarlag, Hansberg-Grøna viltlag, Skårvangen grunneigarlag, Skjerva-Grøna jaktforening, Sjørdalen viltlag og Stranden viltlag på i alt kr 49 095 for innkjøp av 3 stk. Sauer banegevær til utlån under treningar i regi av skyttarlaget. Pr. dato er det kr 5 000 av tilsegnsmidlane som ikkje er overførte til konto. Vi har hittil kjøpt eitt gevær.
- Den store rekrutteringa har gjort at fleire yngre har ønskt å skaffe seg eige banegevær. Vi har inngått i alt sju nye leasingavtaler, med opptak av lån og innbetaling av faste månadlege avdrag til oss.
- Vi har sanert lageret av til dels ukurante våpen, i samarbeid med lokalt politi og Gudbrandsdal politidistrikt.

Avtale med Rondane jakt og fritid

Etter søknad har vi gjort avtale med Rondane jakt og fritid om bruk av 300-metersbana m.a. til testing av våpen på følgjande vilkår:

- Rondane jakt og fritid (RJF) får bruke 300-metersbana vederlagsfritt i fem år med moglegheit for forlenging
- Avtala inneber at RJF utbetrar standplassen ved
 - ✓ å eliminere helling på golvet
 - ✓ å isolere og kle innvendige flater etter nærmare avtale
- RJF får høve til å setja opp blinkstativ på 100 m, som skal vera ope for bruk av Vågå skytterlag
- Ola Plassen og Lasse Botten skal vera medlemmer i Vågå skytterlag
- RJF skal avpasse bruken av bana etter vedtatt terminliste og lovverk og vedtekter som gjeld for skytebana.

Terminfesta trening og konkurransar, innandørs

Laget har hatt treningskveldar på miniatyrbana stort sett kvar tysdag (primært for dei yngre) og torsdag frå først i november til først i april. Treningstilbod for jegerar har også vore eit viktig siktemål med dette. Pokalskyting og lagmesterskap er avvikla på kveldstid tysdagar og torsdagar.

Lagmesterskap miniatyr, voksne (for yngre: Årsmelding for ungdomsutvalget)

Kl. 1

- 1 Kristoffer Holø 339
- 2 Magnar Hidemstrædet 332
- 3 Nils Øygarden 321
- 4 Leif Einar Olsen 320

V55

- 1 Arne Hammer 336
- 2 Ole Magnar Øvsteng 329

Kl. 2

- 1 Anders Bersu 338
- 2 Pia Teigplassen 336
- 3 Bjørn André Lusæter 326

V65

- 1 Mathias Øvsteng 331
- 2 Ingar Aaboen 293

Kl. 3-5

- 1 Iva Hidemstrædet 340
- 2 Atle Bakken 330

V73

- 1 Torbjørn Bakken 342
- 2 Ragnar Løkken 323

Pokalskyting miniatyr, voksne (for yngre: Årsmelding for ungdomsutvalget)

Kl. 1-5, V55, V65, V73

- 1 Atle Bakken 246+341= **587**
- 2 Pia Teigplassen 241+342= **583**
- 3 Arne Hammer 244+336= **580**
- 4 Iva Hidemstrædet 243+336= **579**
- 5 Mathias Øvsteng 242+335= **577**
- 6 Magnar Hidemstrædet 239+331= **570**
- 7 Anders Bersu 236+333= **569**

- 8 Bjørn André Lusæter 240+327= **567**
- 9 Ole Magnar Øvsteng 234+331= **565**
- 10 Torbjørn Bakken 238+ 324= **562**
- 11 Ragnar Løkken 237+317= **554**
- 12 Leif Einar Olsen 225+324= **549**
- 13 Nils Øygarden 226+308= **534**
- 14 Ingar Aaboen 207+260= **467**

Terminfesta trening og konkurransar, skytebana

I samband med tysdagstreningane for dei yngre har det vore høve til trening på 200 m. Lagmesterskap bane og felt er avvikla laurdagar.

Lagmesterskap bane, voksne (for yngre: Årsmelding for ungdomsutvalget)

Kl. 1

- 1 Johnny Gården **236** (25-sk.)
- 2 Kristoffer Holø **221** (25-sk.)
- 3 Nils Øygarden **212** (25-sk.)

V55

- 1 Ole Magnar Øvsteng **310**

Kl. 2

- 1 Pia Teigplassen **328**
- 2 Anders Bersu **325**
- 3 Bjørn André Lusæter **323**

V65

- 1 Mathias Øvsteng **334**

Kl. 3-5

- 1 Atle Bakken **336**
- 2 Iva Hidemstrædet **328**
- 3 Berit Jeanne Brun **286**
- 4 Kjell Snerlebakken 204 (25-sk.)

V73

- 1 Torbjørn Bakken **341**
- 2 Ragnar Løkken **308**

Gjesteklasse

- 1 Jens Petter Nesseth **322**
-

Lagmesterskap felt, vaksne (for yngre: Årsmelding for ungdomsutvalget)

Klasse 2-5

1. Atle Bakken 42/8
2. Bjørn Andre Lusæter 38/1
3. Anders Bersu 34/4
4. Berit Jeanne Brun 33/3
5. Iva Hidemstrædet 31/3

2. Kristoffer Holø 33/6

V 65

1. Mathias Øvsteng 37/5

V 73

1. Torbjørn Bakken 34/5

Klasse 1

Johnny Gården 36/4

Samlagsmesterskap bane

Samlagsmesterskapet på bane var lagt til Vågå 15. og 16. august. 141 skyttarar frå alle aktive skyttarlag i Gudbrandsdal skyttersamlag deltok i eit vellykka stevne. Tor Gaute Jøingsli frå Lom & Skjåk skyttarlag vart samlagsmester etter spennande omskyting med Odd Sverre Håkenstad frå Lesja. Frå Vågå stilte 28 skyttarar i konkurransen, av dei 16 yngre.

Skyting om organisasjonsmedaljen

vart arrangert av Vågå skytterlag 24. juni, med heller beskjeden deltaking (4 stk.)

Merkeskyting

vart avvikla 27. august. Ti seniorar deltok. Heile 19 rekruttskyttarar greidde dugleiksmerket.

Antal skot på trening, i lagmesterskap og andre interne arrangement

Medlemmene i skyttarlaget har totalt stått for rundt 40 000 skot på egne baner inne og ute i meldingsåret. I tillegg kjem alle skot på eksterne stevne.

Jotunheimtreffan

vart ikkje avvikla i år, p.g.a. at Vågå arrangerte samlagsmesterskapet og Lesja Landsskytterstevnet.

Rekruttering

Ungdomsutvalget har arbeidd svært godt, og rekrutteringa har skote fart i år. Parallelt med god rekruttering har vi etablert god kontakt med foreldre/besteforeldre, og fleire har stilt opp på ulike dugnadstiltak i samband med trening og andre arrangement. Det gode miljøet som har vakse fram, har bl.a. vist seg gjennom god deltaking på trening, eksterne stevne og skogsløp med skyting, der både ungar og vaksne deltok. Vi viser til eiga årsmelding frå ungdomsutvalget.

Skytingens dag

9. september vart ein suksess – med 34 personar – unge og vaksne – som deltok. Her samarbeidde vi med Vågå jakt- og fiskeforening og Det Waageske Compagnie & Svartkrutlag.

Eksterne stevne, i alt 41

Skyttarar frå Vågå har deltatt på følgjande eksterne stevne i meldingsåret:

Aulestadstevne Østre Gausdal
Banestevne Dovre
Banestevne Otta
Banestevne Østre Gausdal
Banestevne Øyer
Banestevne Øystre Slidre

Barometerfinale Vinstra
Bleikmyrstevnet Vinstra
Bryggja, banestevne
Eidsbygd, banestevne
Feltstevne Dovre
Feltstevne elektronikk Vinstra

Feltstevne Holmemstranda
Feltstevne Rauma
Fylkesmesterskap 15m Fåberg
Fylkesmesterskap bane Lom og Skjåk
Fåbergkarusell 15m
Fåbergkarusell 25m
Fåbergkarusell 50m
Haugen, banestevne
Hjerkinnstevnet felt
Kvitfjellstevnet Ringebu
Landsdelskretsstevne felt Øyer
Landsdelskretsstevne Østerdal
Landsskytterstevnet Lesja
Lapua cup, 6 runder
Lerum Cup, 5 stevne

Midtukestevne 15m Vinstra
Midtukestevne bane Ringebu
Midtukestevne bane Ringebu
Midtukestevne Fåberg
Organisasjonsmedalje Vågå
Samlagsmesterskap 15m Øyer
Samlagsmesterskap bane Vågå
Samlagstevne felt
Slådalstevne felt Lesja
Ungdomsstevnet Numedal
Vinter G-tour Ringebu;Dovre/Dovreskog, Lesja,
Otta, Øyer, Lom og Skjåk, Vinstra
Åpent 15m Dovre
Åpent 15m Lesja

Jegertrening og storviltprøver

Skyttarlaget har gjennomført 12 terminfesta treningar og skyteprøver for storviltjegerar. Dei to første, 7. og 8. april, var for det kommunale jaktlaget. Laget har også selt ammunisjon i samband med arrangementa. I alt 111 jegerar har deltatt på treningar og skyteprøver, med i alt 4 915 registrerte skot. Det er gjennomført 89 skyteprøver i regi av oss. For å stimulere jegerar til å trene meir enn dei obligatoriske 30 treningsskota fordelt på to frammøte, vart det også i år sett opp uttrekkingspremiar til dei som skaut minst 60 treningsskot på fire øvingskveldar i regi av anten skyttarlaget eller Vågå JFF. Vågå fjellstyre gav eit reinskort (simple/bukk u. 40 kg) og eit rådyrkort i Langmorkje statsallmenning. Jon Harald Bakken vann reinskortet, og Lars Erik Olsen vann rådyrkortet. Rundt 30 jegerar deltok i trekninga.

Feltskyting for jaktlag

18. april arrangerte Vågå skytterlag og Vågå JFF konkurranse mellom jaktlag frå Vågå. Dei 3 beste på kvart jaktlag talde med i resultatlista. I år var det Atle Bakkens jaktlag som stakk av med førstepremien.

Vågå, 26.11.2015

Ole Magnar Øvsteng
formann

Kristoffer Holø
nestformann

Nils Øygarden
styremedlem

Iva Hidemstrædet
styremedlem

Mathias Øvsteng
sekretær og kasserar

Ragnar Løkken (vara)

Ingar Aaboen (vara)

ÅRSMELDING UNGDOMSUTVALGET 2014-2015

INNESESONGEN

Vi starta årets miniatyrseong 14. oktober, og heldt fram med treningar tom 26.mars. I alt 26 treningar med bra oppslutning, til tider ein del venting før skytingane. Dette prøvde vi å gjera noko med , da vi sette opp påmeldingslister med skytetid for neste trening. Dette hjelpte noko. Det møtte totalt 41 ungar til trening i løpet av vinteren.

LANDSDELSKRETSSTEVNET I FELT

Dette vart arrangert på Øyer/Dølen si bane. Her kom tre av våre fire rekruttar til finalen. Aleksander, Erik og Idun Marie. Bjørn Joar like bak finaleplass. Alle tre skaut skaut seg opp i finala, Idun Marie best av våre med ein 2. plass og ungdomsmedalje, ein treff bak vinnaren. Det vart standardbeger på Idun Marie og Aleksander. Kim Tomas fekk beger i klasse junior. Kim Tomas , Rolv Magnus og Aleksander deltok i lagskyting, her vart Vågå nr. 7 med 78/35. Rolv Magnus deltok også for samlaget, her vart Gudbrandsdal nr 3, 107/63.

ØSTLANDSMESTERSKAPET I FINFELT

Idun Marie vart teke ut på samlagslaget i rek/jun etter plasseringa på LDKS. Noko vanskelege vindforhold på Lygna, men ei erfaring rikare. Flott opplegg av Tingelstad skytterlag.

VINTER G-TOUR

7 lag arrangerte ein treningscup i miniatyr. Med meget god oppslutning av skyttarane i Gudbrandsdal. Vågå deltok med 18 skyttarar. Rolv Magnus vann klasse junior med 980 p. Idun Marie best av våre rekrutter med 939 p, med Aleksander poenget bak.

LAPUA CUP

Vi deltok også på Lapua-cupen med 32 skyttarar fordelt på alle klasser. Dette er ein nystarta cup på 15m, der vi skyt på heimebane . Kvar runde skal gjennomførast ei bestemt veke. Cupen går over 6 runder. Rolv Magnus kom til finala på Elverum, men kunne dessverre ikkje møte.

SAMLAGSMESTERSKAP

MINIATYR

Arrangert av Øyer/Dølen 1.februar. Vågå deltok med 8 rek/jun-skyttarar. Til dels bra resultat av våre , men ingen som gjekk heilt til topps denne gongen. Best av våre var Rolv Magnus med ein 3. plass i junior.

FELT

Arrangert av Lesja skytterlag 11. april. Vågå deltok med 9 rek/jun skyttarar. Rolv Magnus nr 3 i junior og ungdomsmedalje. Andrine nr 3 i rekrutt og ungdomsmedalje. På lagskytinga for rek/jun vart Vågå-laget med Rolv Magnus, Idun Marie og Bjørn Joar nr. 3, og fekk dermed bronsemedalje.

BANE

Samlagstevne på heimebane i Vågå. Vi deltok med 16 skyttarar i asp/rek/jun. Finale på Kim Tomas i kl. junior, nr. 7 med 341 p. I kl. rekrutt kom Idun Marie og Aleksander til finale, henholdsvis nr. 7 med 339 p og nr. 8 med 335 p.

På lagskytinga i rek/jun vart Vågå nr. 4 med 288 p. På laget skaut Andrine 95p, Idun Marie 100p og Kim Tomas 93p.

LAGMESTERSKAP

Miniatyr

ASPIRANT

Ola Skogen

300p

Solveig Myrum

Inga Svare

Marthine Gården

287p

278p

264p

VÅGÅ SKYTTERLAG

Iver Rindhølen 233p
Brage Brennsletten 183p
Daniel Hagen 146p

REKRUTT

1. og lagmester Aleksander Ødegård 332p
2. Erik Løken 327p
3. Sveinung Myrum 322p

ELDRE REKRUTT

1. og lagmester Håvard Bakken 320p
2. Syver Berg 315p
3. Syver Hølmo 268p

JUNIOR

1. og lagmester Rolv Magnus Hidemstrædet 347p
2. Kim Tomas Bakken 336p

FELT

ASPIRANT

Simen Ødegård 24/0
Marthine Gården 20/1

2. Idun Marie Hidemstrædet 36/4
2. Aleksander Ødegård 36/4

REKRUTT

1. og lagmester Andrine Gården 36/7

JUNIOR

1. og lagmester Kim Tomas Bakken 41/6
2. Rolv Magnus Hidemstrædet 39/4

BANE

ASPIRANT

Ola Skogen 312p
Simen Ødegård 302p
Iver Rindhølen 282p
Solveig Myrum 248p
Daniel Hagen 235p

3. Aleksander Ødegård 326p

ELDRE REKRUTT

1. og lagmester Syver Berg 330p
2. Håvard Bakken 322p
3. Syver Hølmo 271p

REKRUTT

1. og lagmester Erik Løken 330p
2. Andrine Gården 327p

JUNIOR

1. og lagmester Rolv Magnus Hidemstrædet 343p
2. Kim Tomas Bakken 334p

POKALSKYTINGA 15M MINIATYR

Skyting over 3 runder, der den beste av dei to fyrste og finala tel samanlagt.

ASPIRANT

Ola Skogen 484p
Markus Kirkevold 474p
Solveig Myrum 460p
Marthine Gården 397p
Brage Brennsletten 291p
Daniel Hagen 242p

3. Aleksander Ødegård 560p
4. Bjørn Joar Nesset 551p

ELDRE REKRUTT

1. Syver Berg 564p
2. Håvard Bakken 547p

REKRUTT

1. Idun Marie Hidemstrædet 564p
2. Erik Løken 561p

JUNIOR

1. Rolv Magnus Hidemstrædet 586p
2. Kim Tomas Bakken 582p

UTESESONGEN

Skytinga på 100 m starta opp 14.april, og heldt på fram til tysdag 08.september. Vi arrangerte 15 treningskveldar, med meget bra oppslutning, mellom 15 og 20 på kvar trening. Dette er vi godt nøgde med, når vi tenkjer på alle andre aktiviteter om sommaren. Siste treninga før sommarferien hadde vi ein konkurransekveld med foreldre og

ungar. Kjempeoppslutning med 40 deltakarar. Her hadde vi både spørsmålsrunde, felthurtigskyting, pyramideskyting, tipping på antall 22 hylser og mykje sosialt. Enkel servering og uhøgtideleg premiering. Dette vart ein suksess, kanskje noko vi må satse på kommande sesong også?

DUGLEIKSMERKESKYTING

Her deltok det 19 rekrutteringsskyttarar, og alle klarte merket. Så bra har det ikkje vore på mange år.

NORMA-MERKET

Dette er eit merke som rekrutteringsskyttarane får dersom dei oppnår 240p eller meir på samlagstevne, landelskretsstevne, fylkesmesterskap eller landsskytterstevnet. Gjeld baneskyting 100m, kan vinnes kun ein gong. Frå Vågå fekk desse merket i år:

Bjørn Joar, Idun Marie, Aleksander og Erik i klasse rekrutt.

LANDSSKYTTERSTEVNET 2015 LESJA

Her deltok Vågå med 10 rekrutteringsskyttarar. Stor deltaking av våre yngste, med engasjerte foreldre og besteforeldre. Samt familie og venner. Mange flotte resultat både på bane og i felten. 8 av desse var debutantar på LS. Erik kom til finala i felt i kl rekrutt med 30/12 treff. Vart til slutt nr 32, etter at han skaut seg opp frå 94. plass i finala. Idun Marie kom til finala på bane i kl rekrutt med 247p. Vart til slutt nr 46, etter å ha skote seg opp to plassar i finala. Bjørn Joar med solid pers på 245p, og Sveinung med 29 treff på felt. Båe juniorane hadde 28 treff på felten, dette heldt ikkje til finale. Av premier kan nevast: Erik, lite feltbeger. Idun Marie, medium banebeger. Sveinung, lite feltbeger. Bjørn Joar, medium banebeger. Aleksander, minnemedalje. Kim Tomas, minnemedalje og lite feltbeger. Rolv Magnus, minnemedalje, felthurtigbeger, stangbeger og lite feltbeger. I forkant av LS fekk vi vera med og testskytte finfeltelektronikken, samt at vi deltok på prøvestevnet i felt.

SKYTINGENS DAG

Skytingens Dag vart i år arrangert søndag 6. september. Vågå skytterlag ved Sina i ungdomsutvalget, Vågå JFF og Svartkrutlaget. Her foregikk det skyting på Dfs 100m, løpende elgbane, leirdueskyting, reinsfigur og svartkrutskyting. Dette er ein ope dag for alle som vil prøve skyting, store som små. Totalt møtte det i år 34 personar, dette er kjempebra. Bra at så mange vil kome innom og prøve sporten vår. I skytterhuset var det servering av kaffe og kake.

UNGDOMSSTEVNET I NUMEDAL

Dette foregår på Flesberg og Rollag/Veggli sine skytebaner. Her deltok vi i vårt femte ungdomsstevne. Andrine, Bjørn Joar og Idun Marie i kl rekrutt, og Brynhild i kl aspirant. Kjempehelg med flott vær og tidvis god skyting. Rekruttane prøvde både felthurtigskyting og stangskyting, noko som ga meirsmak. To banestevner som teller samanlagt til finala, der dei 16 beste i kvar klasse kjem. På ungdomstevnet blir alle premiært med gavepremiar. Norges største ungdomstevne med 400 deltakarar. Ingen av våre kom til finala, men ei erfaring rikare. Her er mange av landets beste ungdomar samla til sesongavslutning.

TEMAKVELDAR OG KURSKVELDAR

I år har vi hatt temakveld for foreldre, med informasjon om kommande sesong med meir. Dette er noko vi vil prøve å fortsetja med. Vi har også hatt temakveld for finfelt og våpen og puss. Over 30 deltakarar på våpenpuss!! Har også halde våpen og skyteopplæring fro 8. og 9. klasse på Vågå ungdomsskule, valgfag friluftsliv. Dette foregikk på 100m to måndager i juni.

I september hadde vi ein kurskveld med lading av patroner. Dette etter forespørsel frå foreldre og skyttarar. Her deltok seks av lagets medlemmar, noko fråfall pga arbeid. Samlagsinstruktør Leif Arne Grytten heldt kurset.

SKYTEHELG OG SOSIALE TURAR MED SKYTING

Helga den 19.-21.juni reiste ein gjeng på 34 frå Vågå skytterlag til skytehelg i Nordfjordeid, sponsa av skytterlaget, Coop, Nortura og foreldre. Her skaut vi 3 banestevner fordelt over to dagar. Vi leigde nokre

campinghytter og vognplassar i nærleiken, der vi hadde ein sosial grillkveld for alle på laurdag. Trivleg kveld og helg med mykje god skyting, godt prat og mykje sosialt. Dette er miljøskapande arbeid.

Fredag 24. juli reiste ein gjeng av oss til Øystre Slidre på kveldsstevne. God skyting og kjempestemning!! Vi avslutta kvelden på Peppes på Beitostølen, der vi feira resultatane våre med brus og pizza til alle 19.

SKOGSLØP MED SKYTING

Dette er nok årets desiderte "ryrsare"..... Tysdag 8. september vart dette arrangert, med heile 27 deltakarar. Både for store og små skyttarar, nytt av året var foreldreklassa. Vi sprang ei løype på ca 1,5 km, fordelt på tre runder der det var innlagt to skytingar på 100m. Her gjaldt det å bevare roa på standplass, da bom gav tillegg i tid. Så det var ikkje sikkert du vann om du var rask, du måtte treffe også. Populært som avslutning på utesesongen. Arrangørene stilte til start i eige til slutt. Om det var heiarop eller ei, til arrangørene, veit vi ikkje. Men vi valde å ta det som kompliment ☺

SAMANLAGT RESULTATLISTE

1. Brynhild Hidemstrædet	10.12 min
2. Bjørn Joar Nesset	11.01
3. Alvin Dybvik	11.09

KLASSEVINNARANE ASPIRANT

Brynhild Hidemstrædet	10.12 min
Alvin Dybvik	11.09
Solveig Myrum	11.13
Birk Nyhus Bakke	12.33
Oliver Sylling Andersbakken	12.35
Simen Ødegård	12.41
Marthine Gården	14.20
Iver Rindhølen	15.43

Daniel Hagen

REKRUTT

1. Bjørn Joar Nesset 11.01 min

ELDRE REKRUTT

1. Syver Berg 12.35 min

FORELDREKLASSE

1. Erik Myrum 14.57

BAROMETERSKYTING

Ungdomsformannen sendte inn resultat frå stevna vi var på i løpet av banesesongen. De tre beste resultatane tel til finala. Dette resulterte i at Idun Marie og Andrine kom til finala i kl rekrutt, og Rolv Magnus i kl junior. Kim Tomas og Håvard B kom også til finala, men kunne ikkje møte. Finala gjekk av stabelen på Bleikmyra på Vinstra. Idun Marie og Andrine vart henholdsvis nr 5 og 7 i rekrutt, og Rolv Magnus nr 4 i junior. Gavepremie til alle tre.

OPPSUMMERING

Dette har vore ein kjempesesong med kjempeopplutning både på trening og stevner. Mange personlege rekordar på denne flotte gjengen med ungar og ungdommar. Og ikkje minst ei foreldregruppe som stiller opp både for ungar og for skytterlagets ungdomsgruppe. Dette set vi umåteleg stor pris på!! ☺ ☺

Vi føler at vi har noko på gang i ungdomsgruppa, både på skytinga og det sosiale i gjengen. Vi har i år delteke på 38 stevne. Så får vi håpe på god trening gjennom vinteren og nye store resultat neste sesong. LS i Målselv er vel eit mål for nokre, nokre har andre mål i siktet.

Takk til store og små medhjelparar i sesongen som har vore.

Nordherad 20. september 2015

Iva Hidemstrædet
ungdomsleder